

Utval for plan og utvikling

Vår dato: 12.06.2022
Vår ref: 2022/3628 - 20170/2022 / J75
Dykkar ref:

Notat: støymålingar frå Eldøyane februar - april 2022

Det er no plassert støymålarar som måler støy, viser kva retning den dominerande støyen kjem frå, og gjer opptak av lydbildet. Det er også sett opp ein vêrmålar som dataene vert vurdert mot. Stord hamn har avtale med Asplan Viak AS for levering av tenesta og utarbeiding av månadlege rapportar på støybildet. Støymålarane er plasserte slik figuren under viser:



Figur 1-1: Plasseringene av målestasjonene er markert med rød sirkel og nummerert 1-2. Kartet er hentet fra Asplan Viak AS sin kartløsning Adaptive.

Rapportane og tilbakemeldingane frå bedriftene viser at det framleis er for tidleg å få eit tilstrekkeleg bilete av lydkjeldene bak for høgt støynivå i naboskapet til Eldøyane næringspark. Verksemdene som har støykjelder som påverkar lydbildet, vil framover få tilsendt rapportar jamnleg for å gå gjennom desse og identifisere kva støykjeldene kan vere og kva for tiltak som kan gjerast for å redusere høgt støynivå. I marsrapporten kan vi lese fylgjande konklusjon frå Asplan Viak:

I løpet av måleperioden har det blitt registrert tidsintervaller med støy fra håndtering av metall og store objekter, samt høyfrekvent støy hos Aker Solutions Demolering, Ragn Sells og kaianlegget til NorSea Stordbase. Støy fra Eldøyane næringspark/havn kan være dimensjonerende enkelte dager, spesielt i uke 10, men vil ikke nødvendigvis gi en markant økning av støynivået hos nærmeste nabo. Det kan likevel forekomme støy fra Eldøyane næringspark/havn som kan oppfattes sjenerende for naboene, selv om støyen ikke overskrider grenseverdiene. Lydopptakene indikerer at enkelte støyende arbeidsoperasjoner kan gi utslag på støynivået ved målestasjon 2. Dette vil blant avhenge av type aktivitet, hvor den foregår og andre lokale forhold.

I april-rapporten står det at «I måleperioden har det forekommet veldig få dager med støy over grenseverdi ved målestasjon 2. Støy over grenseverdi skyldes hovedsakelig støy fra fugler og naboaktivitet med unntak av to dager, hvor dette var i kombinasjon med støy fra industrivirksomhetene og kaiene.»

Vedlagt dette notatet ligg støyrapportar for månedane februar – april, samt tilbakemelidngar frå verksemdene StordBase, Marine Aluminium og Aker demolering. RagnSells har ikkje kome med tilbakemelding. Det vil også bli teke kontakt med Stena Recycling for tilbakemelding på rapportane.

Stord hamn vil i dialog med StordBase starte opp sms-varsling av kjente anløp som vi veit kan medføre noko støyande aktivitet i hamna. StordBase skal eigentleg sjølv varsle dette, men har førebels ikkje fått dei turvande godkjenningane etter personvernlovgjevinga. Stord hamn vil difor iverksetje dette slik at dette vert gjort gjennom sommarmånadene.


Det vert planlagt gjennomført eit nabomøte i september for gjennomgang og evaluering av erfaringane så langt med dei nye støymålingane og erfaringsutveksling av varsling gjennom sommarmånadene.

Med helsing

Lovise Vestbøstad
Plansjef

Inge Espenes
hamnesjef

Vedlegg



- 1 Langtidsmålinger av støy for februar 2022 - Eldøyane næringspark.pdf
- 2 Langtidsmålinger av støy for mars 2022 - Eldøyane næringspark.pdf
- 3 Langtidsmålinger av støy for april 2022 - Eldøyane næringspark.pdf
- 4 Støy Eldøyane februar - april 2022: Tilbakemelding fra Marine Aluminium
- 5 SV: Støy Eldøyane februar - april
- 6 RE: Støy Eldøyane februar - april